## Bør unngå snauhogst ovafor Halsabrotet

09.10.2011



**NVE bad tidlegare kommunen om å vurdera om skog er ein føresetnad for at planområdet for det nye byggjefeltet ovafor Halsabrotet (biletet) er tilstrekkjeleg trygt med omsyn til skred. Det er Bjørnebøle og Huglen som eig og skal byggja ut dette feltet,**

**I ein ROS-analyse vert det vist til ein teknisk rapport frå NGI om at ein bør unngå snauhogst i lia ovafor det.**

NVE tolkar dette slik at skog er ein førsetnad for tryggleiken-
Difor bør kommunen gjera tiltak slik at ein unngår snauhogst
og opprettheld tryggleiken på sikt.
Kommunen har difor gjort dei vurderingane som
NVE har bedt om.

I ROS-analysen er også sansynlegheiten for skred hvis skogen vert fjerna vurdert. Konklusjonen er at risikoen er akseptabel, men dette kan ikkje NVE gå god for.

Hvis skog blir fjerna kan det føra til at regulerte tomter
ikkje tilfredsstillar tryggleikskrava når det skal byggjast, skriv NVE

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen